



PLANPROGRAM - HOVUDPLAN FOR VATN OG AVLØP

HØYRINGSUTKAST

Dato: 29.08.2018
Versjon: 01



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Giske Kommune
Tittel på rapport: Planprogram – Hovudplan for vatn og avløp
Oppdragsnummer: 606432-21
Skriven av: Inger Karin Nordstrand Roald
Oppdragsleiar: Lars Saga
Tilgang: Åpen

01	29.08.18	Høyringsutkast	IKR	AKD / LS
VERSJON	DATO	SKRILDRING	SKRIVEN AV	KS

Innhald

1. INNLEIING.....	3
2. KORT OM PLANPROGRAMMET	3
3. FORMÅLET MED PLANARBEIDET	3
4. PLANOMRÅDE	4
5. PLANPERIODE	4
6. TEMA I PLANARBEIDET.....	4
7. KONSEKVENSGREIING.....	5
8. PROSESS OG MEDVERKNAD	5
9. TIDSPLAN.....	7

1. INNLEIING

Giske kommune ønskjer ein langsiktig plan for vassforsyning og avløp (VA). Kommunen har ein gjeldande hovudplan for avløp som vart vedtatt i 2012, men har ikkje ein hovudplan for vatn. Det skal utarbeidast ein felles hovudplan for vatn og avløp for å få eit heilskapleg styringsverktøy. Ein ønskjer å sjå naudsynte tiltak innanfor vatn og avløp i samanheng, og prioritere tiltaka i ein felles handlingsplan. Planen skal sette langsiktige mål og føringar for VA-verksemda i kommunen.

2. KORT OM PLANPROGRAMMET

Planen skal ha status som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova (pbl). Det betyr blant anna at kommunen skal varsle oppstart av planarbeidet og utarbeide eit planprogram (dette dokumentet).

I plan- og bygningslova § 11-13, første avsnitt står det:

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet er utarbeida etter plan- og bygningslova § 4-1 andre avsnitt:

Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varslings av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

3. FORMÅLET MED PLANARBEIDET

Hovudplan for vatn og avløp vert ein overordna plan for vass- og avløpsanlegg i Giske kommune. Planen skal vere ein kommunedelplan og vil såleis vere ein temaplan under kommuneplanen. Kommuneplanen sin visjon og målsettingar, samt arealdelen av kommuneplanen, vil vere førande for hovudplanen.

Hovudplanen skal vere eit styringsverktøy ved å:

- informere om rammevilkår for VA-sektoren (lover, forskrifter m.m.)
- konkretiserer og prioritere kommunen sine mål for VA-sektoren
- gi oversikt over tilstanden på VA-anlegga i kommunen
- beskrive nødvendige tiltak på kort og lengre sikt, og prioritere desse
- vurdere økonomiske konsekvensar av planlagde tiltak - berekne gebyrutviklinga

Planen vil vere eit grunnlag for budsjett og økonomiplan innanfor VA-sektoren.

Minimum ambisjonsnivå i planperioden skal vere å stogge forfallet i leidningsnettet og sikre forsvarleg leveranse av drikkevatt og bortleiing av avløpsvatn i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen skal vere budd på dei komande klimautfordringane og kome befolkningsveksten i møte.

Hovudplanen vil bestå at eit plandokument, handlingsplan for 2019-2030 og kartvedlegg.

4. PLANOMRÅDE

Planen vil skildre kommunale og private vass- og avløpsanlegg, planområdet vert såleis heile Giske kommune.

5. PLANPERIODE

Hovudplanen vert utarbeida med eit handlingsprogram for perioden 2019-2030 . Anlegg for vatn og avløp vert dimensjonert og bygd for ein vesentleg lengre levetid enn planperioden. Langsiktige løysingar for utbygging og reinsekrav m.m. vert lagt til grunn i planarbeidet.

6. TEMA I PLANARBEIDET

Viktige tema i planarbeidet er antatt å vere:

- Beskrive eksisterande VA-anlegg i kommunen, tilstand og kapasitet.
- Vurdere behov for utbygging av VA-anlegg som følgje av framtidig utbygging i samsvar med arealdelen av kommuneplanen. Sikre hensiktsmessig dimensjon og struktur på hovudleidningar og tekniske anlegg.
- Sikre tilstrekkeleg leidningsfornyng.
- Berekne kostnadar og konsekvensar for gebyr (sjølvkost).

Vassforsyning:

Hovudplanen skal leggje til rette for at innbyggjarar og næringsliv i kommunen vert sikra nok vatn av god kvalitet.

- Berekne dimensjonerande vassforbruk
- Vurdere kapasitet og brannvassdekning på leidningsnett
- Leveranse frå Ålesund – reservevassløysing.
- Vurdere behov for å utbetre og utvide Alnes vassbehandlingsanlegg
- Lekkasjereduksjon på leidningsnett
- Leveringssikkerheit

Avløp:

Revidere gjeldande kommunedelplan for avløp frå 2012. Innanfor avløpssektoren har Giske kommune ulike roller, då kommunen er både forureiningsmynde og eigar av avløpsanlegg. Det er kommunen sjølv som er forureiningsmynde for eksisterande avløpsanlegg, både private og kommunale anlegg. Hovudfokuset i planen innanfor avløp vert knytta til oppgåver og ansvar som kommunen har som anleggseigar. Men den vil og omhandle private anlegg og kommunen si rolle som forureiningsmynde.

- Utbygging av reinseanlegg. Kommunen har i dag fleire utslepp av ureinsa avløpsvatn som er brot på forureiningsforskrifta. Sentralt i planarbeidet vil vere framtidig plassering av reinseanlegg og utslepp. Vurdere om kommunen skal redusere talet på reinseanlegg og utslepp i forhold til vedtatt hovudplan frå 2012.
- Definere avløpssoner / rensedistrikt. Vise kva område som på sikt skal vere basert på felles avløpsanlegg og kvar det skal vere separate avløpsanlegg.
- Overvatn og klimaendringar. Redusere framandvatn (bl.a. regnvatn) i leidningsnett.
- Mynde etter forureiningsregelverket innanfor avløpssektoren. Organisering og delegering i kommunen.
- Avløp i spreidd busetnad.

7. KONSEKVENSGREIING

Det vert lagt til grunn at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova for Hovudplan for vatn og avløp.

Utdrag frå Forskrift om konsekvensutredninger § 6:

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a) *kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*

Hovudplanen vil omfatte tiltak etter vedlegg II i forskrifta, pkt. 11c reinseanlegg for spillvatn. For planer etter vedlegg II skal ein vurdere nærmare om det er behov for konsekvensutgreiing.

Det er vurdert at det ikkje er behov for konsekvensutgreiing for denne kommunedelplanen. Tiltak i hovudplanen vil ikkje vere juridisk bindande for arealbruken.

8. PROSESS OG MEDVERKNAD

Arbeidet med hovudplanen vert leia av Teknisk einingsleiar. Det vil bli etablert ei intern arbeidsgruppe med representantar frå Teknisk eining som tek del i arbeidet. Asplan Viak AS er engasjert til å utarbeide utkast til planprogram og hovudplan for vatn og avløp i samarbeid med arbeidsgruppa. Planforum skal vere referansegruppe for arbeidet med hovudplanen.

Giske kommune ønskjer at innbyggjarane og næringsliv skal engasjere seg i planarbeidet. Gjennom medverknad har ein høve til å påverke arbeidet med vass- og avløpssektoren i kommunen. Kommunen vil informere om planarbeidet gjennom Øyblikk, på heimesida til kommunen og kommunen si facebookside. Planforslaget vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn med uttalefrist på minst seks veker, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Utkast til planprogram

Utarbeide utkast til planprogram (dette dokumentet) som vert lagt fram for formannskapet som kommuneplanutval, for vedtak om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Komité for miljø og tekniske saker gir tilråding til formannskapet.

Varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av utkast til planprogram

Utkast til planprogram vert sendt ut til aktuelle høyringsinstansar og vert lagt ut til offentleg ettersyn. Det vert annonsert i Øyblikk, på heimesida til kommunen og kommunen si facebookside. Frist for innspel er seks veker frå utsending. Det er mogleg å komme med innspel både til planprogrammet og planarbeidet generelt. Alle innspel som kjem inn innan fristen vert tatt med i kommunen si vurdering når endeleg planprogram vert fastsett.

Fastsetting planprogram

Mottatte innspel i høyringsrunden vert vurdert og eventuelt innarbeid i revidert utkast til planprogram som vert lagt fram for formannskapet som kommuneplanutval. Kommunestyret fastset planprogrammet.

Utkast til hovudplan

Utarbeide utkast til hovudplan for vatn og avløp, inkludert handlingsplan og kart. Arbeidet med å hente inn grunnlagsinformasjon har starta opp. Etatar og avdelingar m.m. som planarbeidet vil

omhandle, vil bli orientert om planarbeidet og det blir arrangert møter ved behov.

1. gongs politisk handsaming av hovudplan

Utkast til hovudplan vert lagt fram for formannskapet som kommuneplanutval for 1. gongs handsaming. Komité for miljø og tekniske saker gir tilråding til formannskapet.

Høyring og offentlig ettersyn av hovudplan

Utkast til hovudplan vert sendt på høyring til aktuelle høyringsinstansar og lagt ut til offentlig ettersyn. Det vert annonsert i Øyeblikk, på heimesida til kommunen og kommunen si facebookside. Frist for innspel er seks veker frå utsending. Alle innspel som kjem innan fristen vert tatt med i kommunen si vurdering av endeleg hovudplan.

2. gongs politisk handsaming av hovudplan

Mottatte innspel i høyringsrunden vert vurdert, og eventuelt innarbeid i revidert utkast til hovudplan. Planen vert lagt fram for formannskapet som kommuneplanutval for vedtak (eventuell ny høyring). Komité for miljø og tekniske saker gir tilråding til formannskapet.

Planvedtak

Hovudplan for vatn og avløp vert lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak av plan.

Kunngjøring av plan

Hovudplan for vatn og avløp vert kunngjort i Øyeblikk og plandokumentet vert lagt ut på kommunen si heimeside, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

9. TIDSPLAN

Følgjande framdriftsplan vert lagt til grunn i planarbeidet:

Aktivitet	2018			2019					
	Juli- aug	Sept- okt	Nov- des	Jan- Feb	Mar- april	Mai- Juni	Juli- aug	Sept- okt	Nov- Des
Varsel om oppstart og planprogram									
Utarbeide utkast planprogram									
1. gongs politisk handsaming									
Varsel om oppstart, høyring og offentlig ettersyn i 6 veker									
Vurdere innkomne innspel									
2. gongs politisk handsaming – fastsetting av planprogram									
Hovudplan for vatn og avløp									
Utarbeide utkast til hovudplan for vatn og avløp									
1. gongs politisk handsaming									
Høyring og offentlig ettersyn i 6 veker									
Vurdere innkomne innspel									
2. gongs politisk handsaming									
Fastsetting av hovudplan for vatn og avløp									